

Lindås kommune  
5914 Isdalstø  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Alversund, 5. november 2013

## SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KRAV OM REGULERINGSPLAN MV

Søker med dette om dispensasjon frå fylgjande krav:

1. Krav til reguleringsplan for hyttefelt H-3 på gnr 119, bnr 2 i Lindås
2. Krav om trafikksikringstiltak langs FV 400 Lindås-Fanebustsjøen

Til grunn for søknaden er fylgjande

### Pkt 1 Dispensasjon for krav til reguleringsplan

Etter ein gamal avtale er det aktuelt å frådele to hyttetomter. For tomt nr 1 er det aktuelt å føre opp fritidsbustad etter frådeling. For tomt nr 2 er det så langt ikkje tatt standpunkt om oppføring av fritidsbustad. Legg ved kart som viser plassering av dei to tomtene med vegløyising. Tomt nr 1 er på ca 1 mål, tomt nr 2 er litt større for å unngå et lite restareal mot nabotomt. Restarealet har ikkje noko bruksverdi for garden. Det er pr dato ingen planer om å byggja ut resterande del av hytteområdet.

Skisse for løysingar knytte til tomt 1 går fram av vedlagte kart.

- Veg –vegen vil også løysa ut traktorveg til dyrka mark. Siste del av vegen vil gå i utmark, men gå i kant med dyrka mark
- Vatn – borehol
- Avløp – etablere minirensanlegg med sandfiltergrøft inne på tomten.

### Pkt 2 Dispensasjon for krav til trafikksikringstiltak

Fylkesmannen har lagt inn krav om trafikksikringstiltak på FV 400 i arealplanen for hytteområdet på Sundsbø før utbygging kan starte. Søknaden gjeld fritak frå dette kravet for frådeling av to tomter og oppføring av ein fritidsbustad på tomt 1. Ein kan vanskeleg sjå at ein ny fritidsbustad på Sundsbø vil skape trafikk-kaos på strekninga Lindås – Fanebustsjøen.

Vedlegg: Kartskisse med innteikna planer, kartskisse for hyttefelt H-3, oversiktskart, faktaark for minirensanlegg.

Vonar på ein positiv handsaming av søknaden.

Med venleg helsing  
for grunneigar Egil Sundsbø

Oddvar Sundsbø

Tlf 901 57 747  
E-post [osundsbo@online.no](mailto:osundsbo@online.no)  
Adr. Kyrkjevegen 45, 5911 Alversund